

**FOR 1996-12-20 nr 1159:**

**Forskrift om SND, fylkeskommunane og kommunane sine økonomiske verkemiddel overfor fiskeri- og havbruksnæringa, om rådgjevande utval og om medverknad frå regional fiskeriforvaltning.**

-----  
DATO: FOR-1996-12-20-1159

DEPARTEMENT: FKD (Fiskeri- og kystdepartementet)

AVD/DIR: Ressurs- og utredningsavd.

PUBLISERT: Avd I 1996 1937

IKRAFTTREDELSE: 1997-01-01

SIST-ENDRET:

ENDRER:

GJELDER FOR: Norge

HJEMMEL: LOV-1992-07-03-97-§10, LOV-1992-07-03-97-§11  
-----

**INNHALD**

Forskrift om SND, fylkeskommunane og kommunane sine økonomiske verkemiddel overfor fiskeri- og havbruksnæringa, om rådgjevande utval og om medverknad frå regional fiskeriforvaltning.

§ 1. Kva forskrifta gjeld

§ 2. Føremål

§ 3. Fiskeripolitiske retningslinjer

§ 4. Rådgjevande utval

§ 5. Medverknad frå regional fiskeriforvaltning

§ 6. Ikraftsetjing m.m.  
-----

Forskrift om SND, fylkeskommunane og kommunane sine økonomiske verkemiddel overfor fiskeri- og havbruksnæringa, om rådgjevande utval og om medverknad frå regional fiskeriforvaltning.

Fastsett ved kgl.res. 20. desember 1996 med heimel i lov 3. juli 1992 nr. 97 om Statens nærings- og distriktsutviklingsfond § 10 og § 11. Fremja av Fiskeridepartementet.

§ 1. Kva forskrifta gjeld

Forskrifta gjeld lån, garantiar og tilskot frå SND, fylkeskommunane og kommunane til fiskeflåten, fiskeindustrien og havbruksnæringa. Den gjeld vidare SND sitt erverv av aksjar eller selskapsandelar i fiskeflåten, fiskeindustrien og havbruksnæringa.

§ 2. Føremål

Økonomiske verkemiddel, jf. § 1, skal fremje ei bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling, herunder verne ressursgrunnlaget, sikre trygge og gode arbeidsplassar, oppretthalde hovudtrekka i busettingsmønsteret og legge til rette for at den reelle lønnsevna i fiskerinæringa aukar. Innan havbruksnæringa skal dei økonomiske verkemidla fremje ei balansert og berekraftig utvikling og målsettinga om ei lønnsam og livskraftig distriktsnæring.

§ 3. Fiskeripolitiske retningslinjer

Økonomiske verkemiddel til fiskeflåten, fiskeindustrien og havbruksnæringa kan gjevast i samsvar med § 2. Fiskeridepartementet kan gi fiskeripolitiske retningslinjer om økonomiske verkemiddel som nemnt. Retningslinjene skal innehalde overordna fiskeripolitiske styringssignal for alle ledd i fiskeri- og havbruksnæringa.

#### § 4. Rådgevande utval

Flåtesaker, jf. § 3, skal i den mån Fiskeridepartementet fastset handsamast i samråd med eit rådgevande utval samansett med 3 representantar etter forslag frå fylkeskommunen og 2 representantar etter forslag frå fiskarsida. Fiskeridepartementet kan gi nærare retningslinjer om oppretting av og bruken av rådgevande utval.

#### § 5. Medverknad frå regional fiskeriforvaltning

Fiskeridepartementet kan fastsette at den regionale fiskeriforvaltninga skal ta del i handsaming av flåte-, fiskeindustri- og havbrukssaker. Fiskeridepartementet kan fastsette nærare retningslinjer om bruk av den regionale fiskeriforvaltninga i handsaminga.

#### § 6. Ikraftsetjing m.m.

Denne forskrifta trer i kraft frå 1. januar 1997.

Forskrifta gjeld ikkje avtale eller tilsagn om lån, garanti, tilskot eller erverv av eller avtale om erverv av aksjar eller selskapsandelar som er gjort før 1. januar 1997.

-----  
Databasen sist oppdatert 11. jan 2008